

Fluøyane

EIT SJØFUGLOMRÅDE I ENDRING


Det rikaste sjøfuglområdet i Bjørnafjorden er FLUØYANE, ei samling små og mellomstore holmar like aust for innseglinga til Våge. Her er mange ulike bekkefuglar, men det er fare for at tilgroing vil hindra bekking i framtida. På ei av øyane har miljøvernstyresmaktene freista å hjelpa fuglane.



Tjuvjo – i dag sjeldsynt i Bjørnafjorden.
(Ingvar Grastveit)

Den grove lyngheia som spreier seg, eignar seg ikkje for hekking. Mindre sauebeiting enn før gjer at plantene veks seg store. Og når fuglane først ikkje brukar hekkeplassane, blir tilgroinga endå sterkare. Ikkje berre på Fluøyane, men òg på andre sjøfuglområde langs kysten er dette eit problem.

Sidan øyane er sjøfuglreservat, har miljøvernstyresmaktene eit ansvar for at det er leveleg for fuglane. Delar av Lyngøya, der sildemåse og gråmåse tidlegare hekka i store



Tre av øyane i naturreservatet: Lilla Vesøya (nærast kamera), Stora Vesøya og Lyngøya (bakarst). Lyngøya har dei største bestandane av sildemåse og gråmåse. (Helge Sunde)

tal, vart avsvidde i 1990-åra. Dermed skulle yngre lyng få høve til å veksa opp og erstatta den grove lyngheia. Tiltaket fungerte etter planen for vegetasjonen sin del, men ved hundreårsskiftet var ikkje måsane komne tilbake i nemnande omfang. Det er kanskje for tidleg, men tiltaket fall òg saman med at det totalt vart færre sildemåsar på Vestlandet, så resultatet er ikkje lette å tolka.

Framleis hekkar det mellom 50 og 100 par sildemåsar på desse øyane, i tillegg til over 200 par gråmåse, ein del svartbak og fiske-måse. Ternene er meir ustabile. Grågås-

bestanden er i vekst her som elles i fylket. Sidan 1985 har ein god del måsar og ternar vore ringmerkte, og slike fuglar er funne mellom anna på Kontinentet og langt sør i Afrika.

På 1970-talet var Bjørnafjorden kjend som ein god hekkestad for tjuvjo – ein måsefugl som er mest kjend for å rana til seg bytte frå andre fuglar. Tjuvjoen er no heilt borte. I dag hekkar det truleg berre 1–3 par i heile Hordaland, truleg på Fitjarøyane og i Bømlo. Åsaka til denne utviklinga er ukjend.

FLAGGERMYSENE VED VE VATNET



Tysnes viste seg å vera ein kommune med mange stader der flaggermusa hadde tilbald då det vart gjort ei fylkesomfattande undersøking av dyregruppa ved tusenårsskiftet. I alt fem flaggermusartar vart påviste. Ei av flaggermusholene ligg ved Vevatnet, ber mot nord.

(Svein Nord)

I tusen, kanskje to tusen år var Tysnes eit religiøst senter på Vestlandet, og VE VATNET var det beilage vatnet. Det var ber kledda og vogna til gudinna Nerthus skal ha vorte vaska. Etter badet, beiter det, vart trælane som hadde utført arbeidet, kasta i vatnet og drukna. Slik fekk Nerthus sitt offer. Gudekulten er for lengst over. No er det flaggermysene som har funne bustad ved vatnet mellom dei mørke åssidene.

Flaggermysene ved dette vatnet held til i ei vanskeleg tilgjengeleg hole og kjem ut på seinkvelden i mai/august for å fanga insekt. Ei god flaggermushole skal vera mørk og frostfri, men lufta må ikkje vera for tørr. Då kan dyra tørka inn, i alle fall dersom dei nyttar hola til vinterdvalen.

Vi kjenner ikkje mange slike flaggermusholer i Hordaland. Hos oss er det meir vanleg at flaggermusa søkjer inn i bus – oppunder takskjegget, under takstein, på loft eller i vedstablar.

Framleis veit zoologar lite om denne dyregruppa. Førebels er det registrert 11 artar ber i landet. Ei flygande flaggermus er mest uråd å artsbestemma, med mindre ein nyttar ein ultralyddetektor, som omformar dei høgfrekvente lydane deira til signal som menneska kan høyra.